



# DEN NORSKE KYRKJA

## Dovre kyrkjelege råd

### MØTEBOK

Utvalg/styre/råd	Møtedato	Møtestad
Dovre kyrkjelege råd	tysdag 26. september 2017, kl. 19.00 - 22.00	Klukkarhaugen

#### TIL STADES PÅ MØTET

Med stemmerett:

Dovre sokn: Guri Ruste, Helle Hundevadt, Sonja Rykhus, Hans Ingvald Hovde (unntatt sak 25/17). Tove Jenny Qvan (sak 25/17)

Dombås sokn: Steinar Botheim, Stina Cecilie Storhaug Løkken, Anne Lise Raatrø Pettersen, Randi Brennhaug.

Prest: Daniel Johansson.

Kommunerepr.: Knut Nytn.

Med tale- og forslagsrett: kyrkjeverje Elin Marit Andgard, Tove Jenny Qvan.

Talerett i sak 25 og 26: Jørgen Brandli, Vidar Aas, Inger Gravem, Ola Rindal.

#### SAKER TIL HANDSAMING

SAK 25/17	ØKONOMI OG OMORGANISERING
SAK 26/17	KYRKJEPLAN – revidering
SAK 20/17	FLEKSIBEL FESTEPERIODE
SAK 21/17	GRAV UTAN FESTER
SAK 22/17	FESTEAVGIFT
SAK 23/17	NÆRINGSVERKSEMD PÅ GRAVPASSANE
SAK 24/17	REFERAT OG ORIENTERINGER

#### UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på saksnummer - /17 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

Innkalling: pr. mail 19.9.2017. Møtepapir utsendt 22.9.2017.

Hovedutskrift: Dovre kommune v/ formannskapet og rådmannen, Prost i Nord-Gudbrandsdal, arbeidstakerrepr. i administrasjonsutvalget, revisor.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	26. september 2017	501	2008/9

## **SAK 20/17 FLEKSIBEL FESTEperiode**

### **Saksopplysninger:**

Festere har tatt kontakt med forespørsel om å kunne betale festeavgift for ei lengre periode enn 5 år som er vedtatt festeperiode i Dovre, det er ønske om 20-30 år.

Lover: Gravferdsloven § 14 og § 18 og Vedtekter for gravplasser i Dovre § 2, 3 og 7.

Dovre har hatt forskjellig lengde på festeperiode. Fram til 2001 var den 20 år, deretter 5 år, endra til 10 år i 2010, endra til 5 år att f.o.m. 2014 etter festeavgiftsaukninga.

### **Uttalelse fra gravplassrådgjevar Åse Skrøvset**

Kirkelig fellesråd kan inngå avtale om fest av grav etter nærmere regler og vilkår fastsatt i gravplassens vedtekter. I vedtekten for gravplassene på Dovre står det at festetiden er 5 år. En grav kan festes for inntil 20 år, men det anbefales en kortere festetid, både fordi det gir en bedre kontakt med festerne og gjør det enklere å ha oppdaterte opplysninger i gravregisteret og fordi det gjør det enklere å gjennomføre endringer på gravplassen når det er behov for det. Gravferdsloven er ikke til hinder for å ha «variabel» festetid, men det bør framgå av de lokale vedtekten. Jeg vil anbefale å sette en øvre grense på 10 år av hensyn til forholdene nevnt ovenfor. Det kan for eksempelstå at festetiden normalt er 5 år, men etter avtale med kirkelig fellesråd kan den økes til 10 år.

### **Andre forhold og vurderinger:**

- Utfordringa med ajourhald i festeregisteret har vi også i dag i og med at det ved gravlegging av innanbygdsbuande blir sett forfall lik fredningstida, altså 20 år fram i tid. Kan løysast ved å «vaske» registeret mot folkeregisteret kvart 5. år.
- Ved større auke i festeavgift mister fellesrådet inntekt om fester får betale for lengre periode, men har renteinntekter for beløpet.
- Dersom festaren har forhandsbetalt gravstell, kan det gjerast avtale om at beløpet også dekker festeavgift som så blir trekt for fem år om gongen.

Fleire fellesråd har 5 års festeperiode, og opner for å betale for lengre periode ved at det blir oppretta såkalt «gravlegat/gravfond» som gravferdsforvaltninga trekker festeavgifta fra.

### **Innstilling:**

Dovre kyrkjelege råd vedtek:

- o Festperioden er fortsatt 5 år og blir krevd inn slik.
- o Fester kan ved henvendelse få betale festeavgift for inntil 10 år.
- o Ved ønske om lengre periode, kan det opprettast «gravfond» med trekk kvart 5. år.

### **Vedtak:**

Innstilling einstemmig vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	26. september 2017	515	2010/6

## **SAK 21/17 GRAV UTAN FESTER**

### **Saksopplysninger:**

#### **Lovbestemmelser**

Gravferdsloven §§ 9, 14-19 (sjå Håndbok for kyrkjeleg fellesråd)

Vedtekter for gravplasser i Dovre §§ 2-3 og 6-7.

Fra tid til anna, får kyrkjeverga henvendelse frå personer som uroar seg over eige gravferd og korleis det blir med gravstad til foreldre og seg sjøl etter bortgang. Dette er folk som ikkje har nære slektningar eller andre som det er naturleg å spørje om slikt.

Dersom ingen sørger for gravferda, er det kommunen som skal ta hand om den. I praksis blir det eit gravferdsbyrå som ordner det.

Gravferdsloven § 19 seier at dersom det er ansvarleg for graven, kan ei fri grav forsynast med gravminne. Det er da nærliggande å tolke punktet slik at for at det skal kunne vere gravminne på grava må grava ha festar som er ansvarleg for dette (festers ansvar GL § 15).

Oslo gravferdsforvaltning har ca 100 kommunale gravferder årleg der det ikkje er nokon som sørger for gravferda, og kommunen i samarbeid med begravelsesbyrå står ansvarleg for gravferda. Som hovedregel blir det gjennomført seremoni, kremasjon og urnenedsetting og det blir brukt familiegrav eller ny grav. Det blir sett opp gravminne og gravferdsforvaltninga står som fester. Grava går ut etter at fredningstida er over, med mindre det dukker opp nokon som vil vere fester.

### **Innstilling:**

Dovre kyrkjelege råd vedtek:

- Dovre kyrkjelege råd er fester for graver i fredningstida der den avdøde ikkje har etterlatte eller andre som kan ha festeansvar.
- Når fredningstida er over, blir grava sletta og gravminnet fjerna.
- Dersom det er sett av midler til gravstell, festeavgift og tilsyn/arbeid med gravminne, kan DKR vere fester for slike graver i inntil 40 år.

### **Vedtak:**

Innstiling einstemmig vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	26. september 2017	121	2012/5

## **SAK 22/17 FESTEAVGIFT**

### **Saksopplysninger:**

DKR sak 16/16 og 08/17.

Siste del av vedtaket er håndheva i to tilfeller. Rådsleder har mottatt klage frå den eine festeren. Arbeidsutvalget drøfta saka 12. juli og konkluderte at saka bør behandlast på nytt.

Rådsleder har mottatt klage fra fester om at eit gravminne er fjerna frå gravstaden og motstrider rådets linje om at familien skal betale kr 500 for at gravminnet skal settast på plass att. Festeren hevder i brevet at vedkommande ikkje har mottatt purring på festeavgifta. Festeforfall var i 2010. Fakturering og oppfølging var noko meir «vilkårleg» tidlegare enn gjeldande vedtatte rutiner. Festeavgift for gravene er nå betalt.

Gravplassrådgiver Åse Skrøvset har frarådd at vi krev at skuldig (uteståande) festeavgift må betalast for at ny fester kan overta festet, sjå sak 08/17.

### **Innstilling:**

Dovre kyrkjelege råd vedtek:

- o Festeavgift blir krevd inn som vedtatt i sak 16/16.
- o Dersom festeavgift ikkje blir betalt etter vedtatte rutiner, blir gravminne sett i forvaring i minst eit år.
- o Dersom andre i familien tek kontakt for å feste grava vidare, kan festet overførast til vedkommande. Festeforfall blir sett frå det tidspunkt ny fester tek kontakt.

### **Vedtak:**

Saken er utsatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	26. september 2017	510	2011/5

## **SAK 23/17 NÆRINGSVERKSEMD PÅ GRAVPLASSANE**

### **Saksopplysninger:**

Blomsterstugu AS ved begravelsesbyrået søker om å utføre fylgjande arbeid på kyrkjegardane i Dovre; arbeid med gravminne: salg, montering, oppretting, vask, navnetilføyelser, stell av graver.

### **Vedtekter for gravplassar i Dovre § 9. Næringsverksemd**

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemد på gravplassen skal innhente løyve fra kyrkjeleg fellesråd. Løyvet kan trekka ut dersom vedkommande ikkje rettar seg etter dei reglene som gjeld. Slik verksemد kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminner og planting og stell av graver. Arbeidet skal skje i dagsljos.

Dei tilsette kan ikkje mot godtgjering utføre tenester og salg for private eller næringsdrivande. Slike tenester skal være avtalt mellom den som ynskjer tenesta og kyrkjeleg fellesråd og vert fakturert slik kyrkjelege fellesråd vedtek.

Firma som ynskjer å tilby gravstell på gravplassane skal søkje om dette. Alle aktuelle verksemder skal ha same høve til å søkje om løyve, dette fylgjer av forvaltningslova og krav til likebehandling. Gravplassforvaltninga kan ikkje nekte ei verksemد å tilby gravstell utan vidare. Dersom gravplassforvaltninga sjølv tilbyr gravstell og nekter andre, er det misbruk av forvaltningsmynde.

Fellesrådet må i utgangspunktet innvilge slike søknader, men bør sette vilkår for løyve, dog ikkje urimelege vilkår eller strengare vilkår enn det fellesrådet har for eige verksemد. Formålet med vilkår er å sikre at gravferdsforskriftens § 1 vert ivaretatt og gjere det mogleg med forsvarleg og sakleg kontroll og moglegheit å trekke attande løyvet ved misleghald.

Fylgjande firma har fått løyve til å utføre næringsverksemد på gravplassane:  
Arbeid med gravminne: skriftshugger Eide, Sildnes steinprodukter, Møre gravmonumenter, Nergård stenindustri, Øien steinhuggeri, Dombås Begravelsesbyrå, Brødr. Strand, Floriss Blomsterbua, Erling Øren, Ottadalen steinprodukter.  
Stell av graver: Guri Amundgård, Floriss Blomsterbua.

### **Innstilling:**

Dovre kyrkjelege råd vedtek:

- o Alle verksemder som får løyve til å utføre slikt arbeid, må underteikne avtale.
- o Vedlagte avtaleformular er godkjent.
- o Blomsterstugu AS får løyve til å utføre arbeid på gravminne og stell av graver ved gravplassane i Dovre.

### **Vedtak:**

Saken er utsatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	26. september 2017		

## **SAK 24/17 REFERAT OG ORIENTERINGER**

### **Saksopplysningar:**

- **Protokoll fra Dovre kyrkjelege råd 13. juni 2017**
- **Referater fra utvalgsmøter:**
  - Orgelkomiteen 7. juni og 19. september.
  - Pilegrimskomité
  - Diakonitutvalget/Det gode måltid 16. august: Det gode måltid fortset i samarbeid med flyktningstenesta og frivillighetssentralen.
- **Orienteringer:**
  - Renovering Dombås kyrkje:
  - Sikkerhetsnivå og tiltak for kirkebygg: Tabell delt ut.
- **Post:**
  - Dovre kommune: Investeringsbudsjett 2017 – overføring av midler fra 2016
  - Hamar biskop: Søknad om lokal grunnordning – førebels svar
  - Randi Brennhaug – takkekort

### **Innstilling:**

Dovre kyrkjelege råd vedtek:

- Protokollen fra rådsmøte 13. juni 2017 godkjent.
- Øvrige orienteringer er tatt til etterretning.

### **Vedtak:**

Saken er utsatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	26. september 2017	213	2017/2

## **SAK 25/17 ØKONOMI OG OMORGANISERING**

### **Saksopplysninger:**

- Sak 07/17 Økonomiplan 2017-2020
- Sak 16/17 Økonomiplan 2018-2021

Opplysninger fra kommunens arbeid med økonomiplan 2018-2021, er at det kommunale driftstilskuddet til Dovre kyrkjelege råd blir redusert med ytterlegare 200.000 kroner fra og med 2018. Det er forslag om investeringsmidler til sikring av kyrkjebygg.

### **Møtets behandling:**

Tove Jenny Qvan er inhabil i økonomi som gjelder stillinger/personale.

### **Informasjon og drøftinger i møtet:**

#### **Rådsleiar informerte:**

- Drøftingar og konklusjonar frå førebuande møte 6.9. (rådsleiar, nestleiar og kyrkjeverge) og stabsmøte 13. september
- Leiar og nestleiar har hatt møte med ordførar og drøfta om kommunen kunne kjøpe tenester frå kyrkja, ingen oppfølging frå kommunen.
- Leiar og nestleiar har hatt orientering til kommunestyret, men opplevde at dei ikkje nådde fram.
- Kyrkjetenar Pål Rindal har sagt opp og slutta 31.8.17. Må avvente evt. utlysning fordi økonomisk situasjon tilseier at det er ikkje tilstrekkeleg lønnsmidlar. Meiningslaust å skulle drifte 3 kyrkjer og kyrkjegard med 100 % kyrkjetenar. Reduksjon får konsekvenser, og AU arbeider med ulike tiltak.
- Klarer vi å omrokkere internt, unngår vi oppsigelser. Det betyr at oppgaver må fordelast på andre og at nokre andre oppgaver må løftast av. Omorganisering betyr nye oppgaver som kan være interessant og utviklande i seg sjøl.
- Ved innsparing i 2013, måtte DKR redusere kyrkjetenar frå 200 til 160 %. Det var sagt den gong at innsparinga var midlertidig.
- Mindre ressursar krev prioritering av oppgåver, og det er rådets ansvar.
- Etter vedtatt økonomiplan blir driftstilskuddet til kyrkja redusert med 400.000 kr fra 2016 til 2018. Nedskjæring fra 1.1.2018!

#### **Kommunal representant:**

Stillinger henger sammen med aktivitet. Spesielt i kyrkja er at det er 1-mannsstillinger som er ei utfordring.

#### **Kyrkjeverga informerte:**

Lovpålagte oppgaver: Gudstenester, kyrkjelege handlinger som dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd, trusopplæring, drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegard. Dette er kyrkjas kjerneverksemde.

Rådets budsjettforslag skal også innehalde kyrkjemusikk, diakoni. Konserter, sommerope kyrkjer og pilegrimsarbeid er ikkje lovståande oppgåver.

Andre innspill/drøftinger:

- Ikkje alle oppgåver kan velgast bort. Sårbar situasjon og mindre fleksibilitet med berre ein kyrkjetenar som kan gjennomføre gravferd.
  - Tiltak er i gang med bl.a. opplæring av fleire i staben, men det har også konsekvenser.
  - Leige inn tenester frå andre? Ja er i gang.
  - Mulig å få NAV-støtte til ekstrahjelp? Blir gjort allereie.
- Om gudstenester:
  - Antall og organisering (tidspunkt Dovre og Dombås).
  - Ha fleire på Fredheim?
  - Viktig å ha regelmessige gudstenester med tilbud om dåp.
  - Redusering av antall gudstenester kan bety reduserte stillinger.
  - Tener lite på å flytte gudstenester, det som monner er lønnskostnader.
- Sommerope kyrkjer:
  - Mindre ressursbruk, fleire salgseffekter, inngang. Må være sikker på effekt ved evt. inngangspenger (vil evt. miste frivillige gaver).
- Innsparing i kriseperiode. Blir vi «belønna» med å få til god innsparing?
- Kuttet ut konfirmantjubileet og medarbeiderkvelden? Vurdering av kost-nytte.
- Kuttet flagging. Kan vi? Samarbeid med kommunen?
- Kyrkjeter og andre tilsette er også diakonalt arbeid i praksis som avlaster andre instanser og som også fungerer som turistkontor.
- Meir bruk av frivillige? Frivillighetssentralen? Organisering av frivillige fordrer også ansatt-ressurser.
- Leder i ufrivillig deltid. Vikar for kyrkjetenar ved gravferder. Konsekvens er stengt kontor og at langsiktig arbeid blir nedprioritert.
- Kyrkja kan ikkje drivast utan fagfolk. Nedskjæring er krevjande, Krevjande for tilsette å ikkje vite korleis det blir. Å tyne staben kan føre til sjukmelding og at folk slutter. Negativt å fjerne oppgaver som vedkommande brenn for.

**Vedtak:**

Drøftingene er tatt til etterretning og blir overlatt Arbeidsutvalget som får fullmakt til å sette i verk tiltak i samsvar med vedtak i sak 07/17 Økonomiplan 2017-2020.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	26. september 2017	023	2010/3

## **SAK 26/17 KYRKJEPLAN – revidering**

### **Saksopplysninger:**

- Kyrkjeplan 2013-2016
- Årsmelding 2016

### **Formålet med saken:**

Drøfte mål og visjon for DKR.

Kva skal kyrkja i Dovre vere?

Satsingsområde og kjerneverdiar.

Rådets ynskje om mål og prioriteringar innanfor ulike områder.

### **Vedtak:**

DKR arbeider vidare med kyrkjeplanen i rådsmøter og i utvalgsmøter og har som intensjon å vere ferdig til kyrkjelydsmøtet i 2018.

## **DRØFTING: SIKRING AV KYRKJEBYGG**

Ansatte og folkevalgte arbeidde saman i grupper og svarte på kva nivå dei meinte skulle vere for våre tre kyrkjer og inventaret. Vi brukte tabellen på side 40-43 i KAs hefte «Kunsten å sikre en kirke». Bevisstgjerande og interessant oppgåve.